7. august 2026

Norsk melkeråvare

# Prognoser ku- og geitemjølk

## Innhald

1. Landsprognose kumjølk ..... 1
1.1 Leveranse av kumjølk ..... 2
1.2 Prognose kumjølk (mill. liter) ..... 2
1.3 Prognoseendringar 2026, mill. liter ..... 4
1.4 Prognose økologisk mjølk ..... 4
1.5 Prognose feittprosent ..... 5
1.6 Prognose proteinprosent ..... 6
1.7 Bakgrunnsinformasjon kumjølk ..... 7
Kvoter og kvotefylling ..... 7
Utvikling i kutal (mjølkekyr og ammekyr) ..... 8
Kalvingar (mjølkekyr) ..... 8
Mjølkekyr ..... 9
Avdrått ..... 10
2. Landsprognose geitemjølk ..... 11
2.1 Leveranse av geitemjølk ..... 12
2.2 Prognose geitemjølk (mill. liter) ..... 12
2.4 Bakgrunnsinformasjon geitemjølk ..... 13
Kvoter og kvotefylling ..... 13
Avdråttsutvikling geitemjølk ..... 14

# 1. Landsprognose kumjølk

Figurene under viser utvikling i leveranser og prognoser over tid.




| | Jan | Febr | Mars | Apr | Mai | Jun | Jul | Aug | Sept | Okt | Nov | Des | Sum |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2026 | 136,0 | 122,5 | 138,0 | 133,3 | 133,7 | 122,6 | 117,5 | 114 | 111 | 118 | 120 | 126 | 1493 |
| 2025 | 132,5 | 122,2 | 136,3 | 133,1 | 136,4 | 126,6 | 121,4 | 118,7 | 116,1 | 124,4 | 126,0 | 135,2 | 1529 |
| 2024 | 124,5 | 119,7 | 129,8 | 125,7 | 129,4 | 120,0 | 117,2 | 114,4 | 111,4 | 119,2 | 121,0 | 129,9 | 1462 |




| | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Mill. liter | 1559 | 1517 | 1505 | 1520 | 1520 | 1511 | 1500 | 1541 | 1526 | 1501 | 1506 | 1476 | 1531 | 1525 | 1509 | 1536 | 1523 | 1495 | 1521 | 1481 | 1497 | 1525 | 1449 | 1386 | 1462 | 1529 | 1493 |

Alle raude tal i tabellane er prognosetal, medan faktiske tal er svarte. I grafane er prognosetala markert med stipla linjer og faktiske tal med heiltrekte linjer i ulike fargar for kvart år.

## 1.1 Leveranse av kumjølk

Det vart levert 122,6 millionar liter kumjølk i juni 2026 og 117,5 millionar liter i juli. Tala omfattar både konvensjonell og økologisk mjølk. Leveransane i begge månadene var på nivå med prognosen som vart sett i byrjinga av juni. I begge månadene vart det levert om lag 4 millionar liter mindre mjølk enn i same månad i 2025.

For økologisk mjølk vart det levert høvesvis 3,65 og 3,53 millionar liter i juni og juli 2026.

Tabellen nedanfor viser leveransar, feitt og protein i kumjølk så langt i år.

| Leveransar 2026 | Kumjølk totalt i mill. liter | Hvorav mill. liter økologisk kumjølk | Prognose desember 2025- mill. liter | Siste prognose | Prognose feitt satt des 2025 | Prognose protein satt des 2025 | Feitt | Protein |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| januar | 136,01 | 3,74 | 138 | 137 | 4,50 | 3,57 | 4,55 | 3,59 |
| februar | 122,52 | 3,44 | 124 | 123 | 4,50 | 3,56 | 4,61 | 3,61 |
| mars | 137,99 | 3,93 | 137 | 136 | 4,49 | 3,55 | 4,55 | 3,53 |
| april | 133,33 | 3,86 | 132 | 133 | 4,47 | 3,52 | 4,56 | 3,53 |
| mai | 133,72 | 3,95 | 134 | 135 | 4,41 | 3,48 | 4,54 | 3,53 |
| juni | 122,58 | 3,65 | 124 | 123 | 4,35 | 3,46 | 4,47 | 3,49 |
| juli | 117,47 | 3,53 | 117 | 117 | 4,33 | 3,45 | 4,43 | 3,49 |

## 1.2 Prognose kumjølk (mill. liter)

| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Forh.tal | 1.07 | 0.99 | 0.95-> 0.99 | 1.02- >1.04->fri | 1.20 | 1.01 | | | |
| Jan | 135.9 | 134.7 | 123.9 | 124.5 | 132.5 | 136.0 | 0.5 % | 6.4 % | 2.6 % |
| Febr | 124.9 | 123.1 | 113.2 | 119.7 | 122.2 | 122.5 | 5.7 % | 2.1 % | 0.2 % |
| Mars | 141.3 | 136.3 | 124.8 | 129.8 | 136.3 | 138.0 | 4.0 % | 5.0 % | 1.2 % |
| Apr | 135.9 | 129.9 | 120.0 | 125.7 | 133.1 | 133.3 | 4.8 % | 5.9 % | 0.2 % |
| Mai | 137.2 | 131.3 | 122.9 | 129.4 | 136.4 | 133.7 | 5.3 % | 5.4 % | -2.0 % |
| Jun | 126.7 | 120.2 | 114.0 | 120.0 | 126.6 | 122.6 | 5.3 % | 5.5 % | -3.2 % |
| Jul | 119.5 | 112.7 | 110.4 | 117.2 | 121.4 | 117.5 | 6.2 % | 3.6 % | -3.2 % |
| Aug | 115.6 | 108.7 | 107.1 | 114.4 | 118.7 | 114 | 6.8 % | 3.8 % | -4.0 % |
| Sept | 112.8 | 105.3 | 104.5 | 111.4 | 116.1 | 111 | 6.6 % | 4.2 % | -4.4 % |
| Okt | 121.3 | 111.9 | 111.4 | 119.2 | 124.4 | 118 | 7.0 % | 4.4 % | -5.1 % |
| Nov | 123.7 | 114.5 | 112.9 | 121.0 | 126.0 | 120 | 7.2 % | 4.1 % | -4.8 % |
| Des | 130.7 | 119.8 | 120.6 | 129.9 | 135.2 | 126 | 7.7 % | 4.1 % | -6.8 % |
| **Sum** | **1 525.5** | **1 448.4** | **1 385.7** | **1 462.2** | **1 528.9** | **1 493** | **5.5 %** | 4.6 % | -2.4 % |
| Kv.fylling | 90.1 | 92.4 | 88.4 | | 80.6 | 93.5 | | | |

Prognosa er ikkje endra sidan førre prognose. Totalvolum for året er dermed 1493 mill. liter, og kvotefyllinga er berekna til 93,5 %. Med føresetning om eit avvik på +/- 1 % første halvår og +/- 2 % for andre halvår vil forventa volum bli mellom 1481 og 1504 mill. liter.

<u>**Vurdering av 2027**</u>
Tilførslene i 2027 vil vere avhengige av forholdstalet for mjølkekvotar som blir fastsett av Landbruks- og matdepartementet ved månadsskiftet november/desember. Dersom forholdstalet

blir uendra i 2027 (1,01), er det på noverande tidspunkt venta noko lågare leveransar enn i 2026. Dette skuldast eit lågare leveransenivå enn ved inngangen til 2026. Erfaringsmessig blir dette ikkje fullt ut kompensert for utover året, og kvotefyllinga blir òg lågare enn i 2026. Venta volum kan kome på rundt 1 485 mill. liter, med ein variasjon mellom 1 470 og 1 500 mill. liter (+/− 1 %).

Status fôrsituasjon
Det er usikkert korleis fôrsituasjonen i år blir, med ein sommar svært varierande i nedbør, vekstforhold og slåtteforhold rundt om i landet. Det er fortsatt mykje gras som skal inn, så fullstendig oversikt over fôrsituasjonen har ein ikkje. Generelt har sommaren vore prega av mykje regn i vest og nord, og tørke i sør/aust og i Innlandet i juli. Antal slåttar og sporar kan bli utfordrande. Her er ei kort oppsummering for ulike områda:

Nord:
I mai var det tørt og tidleg vår i nord, og gode hausteforhold for dei som var tidleg ut. For dei som ikkje slo tidleg har det vore utfordrande etterpå og 1.slåtten har blitt ståande lenge. Mykje regn gir bra avlingar, men utfordringa er å komme utpå å få slått. Det gir dårlegare kvalitet og auka fare for sporar.

Vest:
Nord på Vestlandet (Nordfjord/Møre og Romsdal) har 1.slåtten stort sett gått bra, men verre lenger sør der opphaldsvindauget var kortare. Mykje av raigraset gikk ut etter vinteren og for dei som slo tidleg vart det litt liten mengde. Det har vore vanskeleg å komme utpå å få slått, og mykje vått fôr og dårleg kvalitet. Det har også regna mykje i juli/august, men nokre har gjort unna 2.slåtten.

Sør-Vest og Sør:
På Sørlandet gjekk 1.slåtten stort sett greitt og med bra med avlingar og kvalitet. Seinare slått og varierande avlingar i Rogaland. Dei som slo tidleg fekk litt låge avlingar med god kvalitet, men elles har det vore krevjande men gode avlingar. Seinare slått og ein del overvintringsskader kan gi færre slåttar. Sesongen blir samanlikna med 2017 då det var mykje nedbør og dårleg fôr.

Midt:
I Trøndelag har det vore ein del overvintringsskadar på raigraset, men mange fekk sådd på nytt og fekk bra avlingar på 1.slåtten. Generelt bra avlingar i juni på 1.slåtten. Dei som var seint ute fekk våtare fôr og meir utfordringar med kvaliteten.

Austlandet og Innlandet:
På 1.slåtten var det gode avlingar og god kvalitet rundt Oslofjorden. Nordover varierande vèr og vått i bakken, men gode avlingar med ok kvalitet. Tørke i sommar har vore utfordrande for veksten til 2.slåtten, og ein del har slått for å få ny gjenvekst. Det er likevel ein del som har brukbare avlingar på 2.slåtten og god kvalitet. Lenger nord er det varierande, kanskje noko mindre mengde enn normalt. Spørsmål om kor mange slåttar det blir med sein vår og dårleg gjenvekst på 1.slåtten.

## 1.3 Prognoseendringar 2026, mill. liter

| | Prognosetidspunkt | | | | | | | | Leveranse | Avvik * | | Rullerande avvik** | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | des.25 | jan.26 | feb.26 | mar.26 | apr.26 | mai.26 | jun.26 | aug.26 | | ltr | % | ltr | % |
| jan.26 | 138 | 137 | | | | | | | 136.0 | -2.0 | -1.4 % | -0.8 | -0.2 |
| feb.26 | 124 | 124 | 123 | | | | | | 122.5 | -1.5 | -1.2 % | -1.3 | -0.3 |
| mar.26 | 137 | 137 | 136 | 136 | | | | | 138.0 | 1.0 | 0.7 % | 0.5 | 0.1 |
| apr.26 | 132 | 132 | 131 | 131 | 133 | | | | 133.3 | 1.3 | 1.0 % | 1.8 | 0.5 |
| mai.26 | 134 | 134 | 133 | 133 | 135 | 135 | | | 133.7 | -0.3 | -0.2 % | 1.0 | 0.25 |
| jun.26 | 124 | 124 | 124 | 124 | 124 | 124 | 123 | | 122.6 | -1.4 | -1.1 % | -1.4 | -0.36 |
| jul.26 | 117 | 117 | 118 | 118 | 118 | 118 | 117 | | 117.5 | 0.5 | 0.4 % | -1.2 | -0.32 |
| aug.26 | 113 | 113 | 114 | 114 | 114 | 114 | 114 | 114 | | | | | |
| sep.26 | 109 | 110 | 111 | 111 | 111 | 111 | 111 | 111 | | | | | |
| okt.26 | 117 | 117 | 118 | 118 | 118 | 118 | 118 | 118 | | | | | |
| nov.26 | 119 | 119 | 120 | 120 | 120 | 120 | 120 | 120 | | | | | |
| des.26 | 126 | 126 | 126 | 126 | 126 | 126 | 126 | 126 | | | | | |
| Pr. juli | 906 | | | | | | | | 903.6 | -2.4 | -0.3 % | -0.2 | -0.05 |
| Året 2026 | 1 490 | 1 490 | 1 490 | 1 490 | 1 496 | 1 496 | 1 493 | 1 493 | * Avvik er diff. mellom levert og prognose per des. 2025 | | | **Siste 3 mnd, diff. mellom levert og prognose og totalt | |

| Prognose-tidspunkt | Mill. ltr | Endringar | Årsak til endring | Kommentar |
|---|---|---|---|---|
| des.25 | 1 490 | | | Masterprognose 2026 |
| jan.26 | 1 490 | 0 | | |
| feb.26 | 1 490 | 0 | | Justert fordelinga av volum gjennom året |
| mar.26 | 1 490 | 0 | | |
| apr.26 | 1 496 | 6 | Høgare avdrått enn forutsett | |
| mai.26 | 1 496 | 0 | | |
| jun.26 | 1 493 | 3 | Færre kyr enn forutsett | |
| aug.26 | 1 493 | 0 | | |

## 1.4 Prognose økologisk mjølk

| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Jan | 4.35 | 4.05 | 3.65 | 3.63 | 3.69 | 3.74 | -0.5 % | 1.7 % | 1.4 % |
| Febr | 4.01 | 3.73 | 3.35 | 3.47 | 3.38 | 3.44 | 3.6 % | -2.6 % | 1.8 % |
| Mars | 4.38 | 4.18 | 3.70 | 3.80 | 3.79 | 3.93 | 2.7 % | -0.3 % | 3.7 % |
| Apr | 4.25 | 3.93 | 3.63 | 3.83 | 3.70 | 3.86 | 5.5 % | -3.4 % | 4.3 % |
| Mai | 4.28 | 4.07 | 3.80 | 3.95 | 3.83 | 3.95 | 3.9 % | -3.0 % | 3.1 % |
| Jun | 4.04 | 3.81 | 3.61 | 3.59 | 3.69 | 3.65 | -0.6 % | 2.8 % | -1.1 % |
| Jul | 3.92 | 3.63 | 3.59 | 3.70 | 3.55 | 3.53 | 3.1 % | -4.1 % | -0.6 % |
| Aug | 3.84 | 3.58 | 3.41 | 3.53 | 3.54 | 3.5 | 3.5 % | 0.3 % | -1.1 % |
| Sept | 3.66 | 3.36 | 3.26 | 3.47 | 3.46 | 3.4 | 6.4 % | -0.3 % | -1.7 % |
| Okt | 3.72 | 3.41 | 3.28 | 3.45 | 3.45 | 3.3 | 5.2 % | 0.0 % | -4.3 % |
| Nov | 3.76 | 3.39 | 3.25 | 3.49 | 3.48 | 3.4 | 7.4 % | -0.3 % | -2.3 % |
| Des | 3.94 | 3.58 | 3.31 | 3.76 | 3.87 | 3.6 | 13.6 % | 2.9 % | -7.0 % |
| **Sum** | **48.1** | **44.7** | **41.8** | **43.7** | **43.4** | **43.3** | **4.4 %** | **-0.5 %** | **-0.3 %** |
| **Akk. juli** | **29.23** | **27.40** | **25.33** | **25.97** | **25.63** | **26.10** | | | |

For 2026 er forholdstalet 1,01 også for økologisk produksjon. Prognosa for økologisk er justert opp med 100 000 liter for august, elles uendra sidan førre prognose. Det er venta ein reduksjon i produksjonen utover året som følgje av kvotetilpassing. Prognosevolumet er på 43,3 mill. liter. Det er teikna nye kontraktar for økologisk produksjon, og tala reflekterer ikkje fullt ut oppstart av nye produsentar i 2026. Med eit avvik på +/- 1 % første halvår og +/- 2 % for andre halvår vil det gi eit intervall mellom 43,1 og 43,5 mill. liter.




## 1.5 Prognose feittprosent

| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Jan | 4.43 | 4.37 | 4.39 | 4.47 | 4.44 | 4.55 | 1.8 % | -0.7 % | 2.5 % |
| Febr | 4.46 | 4.38 | 4.39 | 4.44 | 4.47 | 4.61 | 1.1 % | 0.7 % | 3.1 % |
| Mars | 4.43 | 4.43 | 4.46 | 4.44 | 4.43 | 4.55 | -0.4 % | -0.2 % | 2.7 % |
| Apr | 4.46 | 4.44 | 4.45 | 4.44 | 4.45 | 4.56 | -0.2 % | 0.2 % | 2.5 % |
| Mai | 4.36 | 4.43 | 4.43 | 4.37 | 4.42 | 4.54 | -1.4 % | 1.1 % | 2.7 % |
| Jun | 4.29 | 4.38 | 4.36 | 4.33 | 4.36 | 4.47 | -0.7 % | 0.7 % | 2.5 % |
| Jul | 4.27 | 4.34 | 4.31 | 4.36 | 4.29 | 4.43 | 1.2 % | -1.6 % | 3.3 % |
| Aug | 4.27 | 4.34 | 4.33 | 4.34 | 4.31 | 4.40 | 0.2 % | -0.7 % | 2.1 % |
| Sept | 4.37 | 4.38 | 4.40 | 4.40 | 4.42 | 4.42 | 0.0 % | 0.5 % | 0.0 % |
| Okt | 4.40 | 4.43 | 4.46 | 4.48 | 4.53 | 4.45 | 0.4 % | 1.1 % | -1.8 % |
| Nov | 4.46 | 4.41 | 4.48 | 4.46 | 4.52 | 4.46 | -0.4 % | 1.3 % | -1.3 % |
| Des | 4.42 | 4.43 | 4.47 | 4.44 | 4.51 | 4.45 | -0.7 % | 1.6 % | -1.3 % |
| **Gj.snitt** | **4.39** | **4.40** | **4.41** | **4.41** | **4.43** | **4.49** | **0.1 %** | **0.4 %** | **1.4 %** |

Feittprosenten i juni var på 4,47 %, og dette er 2,5 % høgare (0,14 %-poeng) enn i juni i fjor. Det er 0,03 % poeng høgare enn siste prognose.

Prognosa for feittprosent er justert opp med 0,05 %-poeng for august og 0,03 %-poeng for september. Gjennomsnittleg feittprosenten er berekna til 4,49 %. Med eit avvik på +/- 1 % vil prognosa ligge mellom 4.47 og 4.51 %. Prognosa for feittprosent er estimert som gjennomsnitt av siste to år, men med korrigering for venta nivå for inneverande fôrsesong.




## 1.6 Prognose proteinprosent

| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Jan | 3.52 | 3.52 | 3.47 | 3.57 | 3.52 | 3.59 | 2.9 % | -1.4 % | 2.0 % |
| Febr | 3.56 | 3.51 | 3.45 | 3.54 | 3.51 | 3.61 | 2.6 % | -0.8 % | 2.8 % |
| Mars | 3.52 | 3.52 | 3.47 | 3.52 | 3.51 | 3.53 | 1.4 % | -0.3 % | 0.6 % |
| Apr | 3.52 | 3.51 | 3.47 | 3.53 | 3.50 | 3.53 | 1.7 % | -0.8 % | 0.9 % |
| Mai | 3.46 | 3.48 | 3.45 | 3.48 | 3.47 | 3.53 | 0.9 % | -0.3 % | 1.7 % |
| Jun | 3.42 | 3.47 | 3.44 | 3.46 | 3.46 | 3.49 | 0.6 % | 0.0 % | 0.9 % |
| Jul | 3.44 | 3.44 | 3.43 | 3.46 | 3.43 | 3.49 | 0.9 % | -0.9 % | 1.7 % |
| Aug | 3.50 | 3.47 | 3.50 | 3.50 | 3.46 | 3.51 | 0.0 % | -1.1 % | 1.4 % |
| Sept | 3.55 | 3.52 | 3.53 | 3.53 | 3.51 | 3.54 | 0.0 % | -0.6 % | 0.9 % |
| Okt | 3.52 | 3.51 | 3.59 | 3.57 | 3.58 | 3.56 | -0.6 % | 0.3 % | -0.6 % |
| Nov | 3.53 | 3.49 | 3.61 | 3.56 | 3.61 | 3.56 | -1.4 % | 1.4 % | -1.4 % |
| Des | 3.56 | 3.50 | 3.60 | 3.54 | 3.59 | 3.55 | -1.7 % | 1.4 % | -1.1 % |
| **Gj.snitt** | **3.51** | **3.50** | **3.50** | **3.52** | **3.51** | **3.54** | **0.6 %** | **-0.2 %** | **0.8 %** |

Proteinprosenten var på 3,49 % både i juni og juli. Dette er 0,9- og 1,7 % (0,03 og 0,06 %-poeng) opp i forhold til respektive juni og juli i fjor. Det er også 0,03- og 0,04 %-poeng høgare enn førre prognose. Prognosa for august er heva med 0,04 %-poeng, men er elles uendra sidan førre prognose. Gjennomsnitt for året er berekna til 3,54 %. Med eit avvik på +/- 1 % vil prognosa ligge mellom 3.53 og 3.56 %. Talet for gjennomsnittleg proteinprosent for året er vekta mot månadsleveransen i tabellen. Prognosa for proteinprosenten er estimert som gjennomsnitt av siste to åra med korrigeringar for inneverande fôrsesong.




## 1.7 Bakgrunnsinformasjon kumjølk

### Kvoter og kvotefylling

| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026* |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Ant. eigedomar | 12 078 | 11 574 | 11 474 | 11 416 | 11 101 | 10 353 | 10 286 |
| Ant. foretak | 7 424 | 6 999 | 6 833 | 6 629 | 6 491 | 6 355 | 6 197 |
| Aktiv grunnkvote, mill. ltr | 1 618 | 1 583 | 1 583 | 1 583 | 1 582 | 1 577 | 1 571 |
| Forholdstall | -4/+1/+5 % | 7 % | -1 % | -5/-1 | +2/+4 % - fri | 1.20 | 1.01 |
| Disponibel kvote, mill. ltr | 1 698 | 1 692 | 1 567 | 1 567 | 1 645 | 1 896 | 1 596 |
| Snitt disp. kvote, ltr | 228 767 | 241 764 | 229 282 | 226 975 | 248 447 | 298 281 | 257 491 |
| | | | | | | | |
| Produksjon, mill. ltr | 1 496.9 | 1 526.0 | 1 448.0 | 1 386.0 | 1 462.0 | 1 529.0 | 1 493 |
| Kvotefylling | 88.2 % | 90.2 % | 92.4 % | 88.4 % | | 80.6 % | 93.5 % |

Kjelde: Landbruksdirektoratet

*Disponibel kvote er noe større enn aktiv grunnkvote ganget med forholdstall. Grunnen til dette er at sovende grunnkvote kan være disponert til et foretak, og dermed inngå i den disponible kvoten til foretaket. Total disponibel kvote er derfor basert på både aktiv og sovende grunnkvote.

I 2024 vart forholdstalet satt til 1,02, men heva til 1,04 i februar. I starten på juni vart overproduksjonsavgifta fjerna for 2024, noko som i praksis betyr fri produksjon. I 2025 var forholdstalet 1,20, og i 2026 er forholdstalet satt til 1,01. Det er små endringar i grunnkvota frå 2021 til 2025.

I 2024 var det 1034 produsentar som selde kvote, og det utgjorde 98,1 mill. liter. Av disse var ca. 200 aktive produsentar.

I 2025 var det 70 produsentar som selde til saman 6,18 mill. liter kvote.

## Utvikling i kutal (mjølkekyr og ammekyr)

| | 1 000 stk, per 1.mars | | | | | | Endring frå føregåande år | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Mjølkekyr | 213.1 | 210.9 | 203.3 | 201.8 | 208.0 | 204.3 | -1.0 % | -3.6 % | -0.7 % | 3.1 % | -1.8 % |
| Ammekyr | 104.8 | 108.4 | 109.3 | 105.5 | 105.2 | 105.1 | 3.4 % | 0.8 % | -3.5 % | -0.3 % | -0.1 % |
| Kyr totalt | 317.9 | 319.3 | 312.6 | 307.3 | 313.2 | 309.4 | 0.4 % | -2.1 % | -1.7 % | 1.9 % | -1.2 % |

Kilde Landbruksdirektoratet, Statistikk frå søknad om produksjonstillegg

Tal frå Landbruksdirektoratet per 1. mars 2025 viser at talet på mjølkekyr auka kraftig (+6200 dyr/+3.1 %) i forhold til året før, medan foreløpige tal viser ein nedgang på 3700 dyr (1,8 %). Talet på ammekyr har vore stabilt dei siste tre åra etter ein kraftig nedgang frå 2023 til 2024 (-3800 dyr/-3,5 %).

## Kalvingar (mjølkekyr)

| | | | | | | | Endringar sidan forrige år | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Jan | 17 260 | 17 128 | 16 135 | 15 745 | 16 159 | 15 731 | -2.4 % | 2.6 % | -2.6 % |
| Febr | 15 121 | 14 705 | 14 356 | 14 131 | 13 978 | 14 271 | -1.6 % | -1.1 % | 2.1 % |
| Mars | 13 685 | 13 764 | 13 435 | 13 309 | 13 528 | 13 496 | -0.9 % | 1.6 % | -0.2 % |
| Apr | 12 515 | 12 130 | 11 970 | 12 014 | 12 325 | 11 469 | 0.4 % | 2.6 % | -6.9 % |
| Mai | 12 631 | 12 632 | 12 231 | 12 340 | 12 568 | 11 826 | 0.9 % | 1.8 % | -5.9 % |
| Jun | 12 940 | 12 866 | 12 420 | 12 232 | 12 414 | 12 387 | -1.5 % | 1.5 % | -0.2 % |
| Jul | 16 556 | 16 332 | 15 558 | 15 098 | 15 687 | 15 613 | -3.0 % | 3.9 % | -0.5 % |
| Aug | 20 077 | 19 749 | 18 784 | 18 058 | 18 441 | 18 083 | -3.9 % | 2.1 % | -1.9 % |
| Sept | 26 207 | 25 785 | 24 210 | 22 922 | 23 724 | 23 426 | -5.3 % | 3.5 % | -1.3 % |
| Okt | 23 673 | 23 285 | 22 240 | 21 462 | 21 797 | 21 445 | -3.5 % | 1.6 % | -1.6 % |
| Nov | 18 742 | 18 148 | 17 520 | 17 692 | 17 591 | 17 029 | 1.0 % | -0.6 % | -3.2 % |
| Des | 18 608 | 17 470 | 16 963 | 16 760 | 17 047 | 16 719 | -1.2 % | 1.7 % | -1.9 % |
| **Sum** | **208 013** | **203 994** | **195 822** | **191 764** | **195 261** | **191 495** | **-2.1 %** | **1.8 %** | **-1.9 %** |

Prognosa for delar av 2026 byggjer på opplysningar om insemineringsdata for 2025. I 2025 var det ein auke i tal kalvingar på 1,8 %, men det er venta ein nedgang på 1,9 % i 2026.

## Mjølkekyr

| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Jan | 212 225 | 212 527 | 203 982 | 201 562 | 206 451 | 205 640 | -1.2 % | 2.4 % | -0.4 % |
| Febr | 212 020 | 210 959 | 202 483 | 200 394 | 206 613 | 203 969 | -1.0 % | 3.1 % | -1.3 % |
| Mars | 213 134 | 210 901 | 202 895 | 201 571 | 208 280 | 204 344 | -0.7 % | 3.3 % | -1.9 % |
| Apr | 213 042 | 208 821 | 201 559 | 202 418 | 207 817 | 202 762 | 0.4 % | 2.7 % | -2.4 % |
| Mai | 212 313 | 208 005 | 200 539 | 200 978 | 207 220 | 201 325 | 0.2 % | 3.1 % | -2.8 % |
| Jun | 211 190 | 205 997 | 198 664 | 200 189 | 206 114 | 199 990 | 0.8 % | 3.0 % | -3.0 % |
| Jul | 209 528 | 203 923 | 197 094 | 199 713 | 204 422 | 198 235 | 1.3 % | 2.4 % | -3.0 % |
| Aug | 211 207 | 205 059 | 198 629 | 201 373 | 205 341 | 199 136 | 1.4 % | 2.0 % | -3.0 % |
| Sept | 212 388 | 205 598 | 200 252 | 203 726 | 206 917 | 200 513 | 1.7 % | 1.6 % | -3.1 % |
| Okt | 215 076 | 208 250 | 204 127 | 207 334 | 209 503 | 202 800 | 1.6 % | 1.0 % | -3.2 % |
| Nov | 213 723 | 206 789 | 202 956 | 205 933 | 207 478 | 199 869 | 1.5 % | 0.8 % | -3.7 % |
| Des | 212 154 | 204 538 | 201 994 | 205 471 | 205 763 | 197 356 | 1.7 % | 0.1 % | -4.1 % |
| **Gj.snitt** | **212 333** | **207 614** | **201 264** | **202 555** | **206 827** | **201 328** | **0.6 %** | **2.1 %** | **-2.7 %** |

Siste tal på mjølkekyr er med frå telledato med foreløpige tal per 1. mars 2026. Tabellen viser forventa tal på mjølkekyr ved inngangen til kvar månad. I 2025 er det venta ein auke i mjølkekyr på 2,1 %, medan det i 2026 er venta ein reduksjon i tal mjølkekyr på 2,7 %.



## Avdrått

Gjennomsnittleg dagsavdrått i kukontrollen (kg mjølk per ku og dag)

| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Jan | 27.13 | 27.08 | 26.26 | 26.44 | 27.06 | 28.11 | 0.7 % | 2.3 % | 3.9 % |
| Febr | 27.10 | 26.99 | 26.25 | 26.54 | 27.21 | 27.95 | 1.1 % | 2.5 % | 2.7 % |
| Mars | 27.06 | 26.68 | 25.78 | 26.44 | 27.10 | 27.98 | 2.6 % | 2.5 % | 3.2 % |
| Apr | 26.76 | 26.42 | 25.57 | 26.34 | 27.15 | 27.90 | 3.0 % | 3.1 % | 2.8 % |
| Mai | 26.55 | 26.24 | 25.48 | 26.49 | 27.02 | 27.80 | 4.0 % | 2.0 % | 2.9 % |
| Jun | 26.31 | 25.92 | 25.35 | 26.12 | 26.82 | 27.30 | 3.0 % | 2.7 % | 1.8 % |
| Jul | 25.83 | 25.64 | 25.32 | 25.88 | 26.38 | 26.64 | 2.2 % | 1.9 % | 1.0 % |
| Aug | 25.50 | 25.07 | 24.89 | 25.55 | 26.33 | 26.07 | 2.7 % | 3.1 % | -1.0 % |
| Sept | 25.26 | 24.79 | 24.73 | 25.29 | 26.22 | 25.83 | 2.3 % | 3.7 % | -1.5 % |
| Okt | 25.61 | 24.92 | 24.80 | 25.42 | 26.50 | 26.10 | 2.5 % | 4.2 % | -1.5 % |
| Nov | 26.27 | 25.71 | 25.34 | 26.15 | 27.32 | 26.91 | 3.2 % | 4.5 % | -1.5 % |
| Des | 26.75 | 26.02 | 26.01 | 26.84 | 28.03 | 27.61 | 3.2 % | 4.4 % | -1.5 % |
| **Gj.snitt** | **26.34** | **25.96** | **25.48** | **26.12** | **26.93** | **27.18** | **2.5 %** | **3.1 %** | **0.9 %** |

Avdråtten auka med 2,5 % i 2024, og 3,1 % i 2025. Det er venta ein reduksjon i avdråtten utover hausten 2026 slik at gjennomsnittleg avdråttsauke for året blir på +0,9 %.



## 2. Landsprognose geitemjølk







| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2 018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Mill. liter | 17,8 | 18,6 | 20,2 | 20,4 | 19,8 | 20,0 | 19,8 | 19,8 | 18,9 | 18,3 | 17,8 | 17,9 | 17,6 | 17,1 |

## 2.1 Leveranse av geitemjølk

I juni og juli vart det levert høvesvis 2,03 og 1,81 millionar liter geitemjølk. Dette er noko lågare enn i den siste prognosen, der leveransane var anslått til høvesvis 2,1 og 1,9 millionar liter. Samanlikna med same månader i 2025 var leveransane 74 000 liter lågare i juni og 85 500 liter lågare i juli.

Tabellen nedanfor viser leveransar og tørrstoff i geitemjølk så langt i år.

| Leveransar 2026 | Geitemjølk totalt i tusen liter | Prognose desember 2025 | Siste prognose | Prognose tørrstoff satt des 2025 | Tørrstoff |
|---|---|---|---|---|---|
| januar | 748 | 800 | 800 | 13,46 | 13,69 |
| februar | 1 189 | 1 200 | 1 200 | 13,28 | 13,54 |
| mars | 1 788 | 1 800 | 1 800 | 12,92 | 12,92 |
| april | 2 068 | 2 200 | 2 200 | 12,58 | 12,70 |
| mai | 2 224 | 2 300 | 2 200 | 12,21 | 12,53 |
| juni | 2 030 | 2 200 | 2 100 | 12,11 | 12,41 |
| juli | 1 810 | 2 000 | 1 900 | 12,24 | 12,48 |

## 2.2 Prognose geitemjølk (mill. liter)

| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | Endring 2024 | | Endring 2025 | | Endring 2026 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | Mill. ltr | % | Mill. ltr | % | Mill. ltr | % |
| Jan | 0.66 | 0.70 | 0.65 | 0.67 | 0.75 | 0.75 | 0.02 | 3.1 % | 0.08 | 11.9 % | - | 0.0 % |
| Feb | 1.17 | 1.15 | 1.16 | 1.21 | 1.21 | 1.19 | 0.05 | 4.3 % | - | 0.0 % | -0.02 | -1.7 % |
| Mar | 1.99 | 1.90 | 1.80 | 1.83 | 1.79 | 1.79 | 0.03 | 1.7 % | -0.04 | -2.2 % | - | 0.0 % |
| Apr | 2.30 | 2.24 | 2.10 | 2.18 | 2.17 | 2.07 | 0.08 | 3.8 % | -0.01 | -0.5 % | -0.10 | -4.6 % |
| Mai | 2.51 | 2.45 | 2.36 | 2.41 | 2.28 | 2.22 | 0.05 | 2.1 % | -0.13 | -5.4 % | -0.06 | -2.6 % |
| Jun | 2.33 | 2.24 | 2.20 | 2.19 | 2.11 | 2.03 | -0.01 | -0.5 % | -0.08 | -3.7 % | -0.08 | -3.8 % |
| Jul | 2.09 | 1.99 | 1.97 | 1.99 | 1.90 | 1.81 | 0.02 | 1.0 % | -0.09 | -4.5 % | -0.09 | -4.7 % |
| Aug | 1.91 | 1.83 | 1.77 | 1.74 | 1.63 | 1.6 | -0.03 | -1.7 % | -0.11 | -6.3 % | -0.03 | -1.8 % |
| Sept | 1.55 | 1.52 | 1.49 | 1.42 | 1.42 | 1.4 | -0.07 | -4.7 % | - | 0.0 % | -0.02 | -1.4 % |
| Okt | 1.15 | 1.16 | 1.13 | 1.14 | 1.16 | 1.1 | 0.01 | 0.9 % | 0.02 | 1.8 % | -0.06 | -5.2 % |
| Nov | 0.68 | 0.67 | 0.60 | 0.60 | 0.67 | 0.6 | - | 0.0 % | 0.07 | 11.7 % | -0.07 | -10.4 % |
| Des | 0.54 | 0.49 | 0.52 | 0.51 | 0.55 | 0.5 | -0.01 | -1.9 % | 0.04 | 7.8 % | -0.05 | -9.1 % |
| **Sum** | **18.88** | **18.34** | **17.75** | **17.89** | **17.64** | **17.1** | 0.14 | 0.8 % | -0.25 | -1.4 % | -0.58 | -3.3 % |
| **Akk. Juli** | 13.05 | 12.67 | 12.24 | 12.48 | 12.21 | 11.86 | | | | | | |

I 2026 er forholdstalet for geitemjølk auka frå 0,95 til 1,00. Prognosa er satt ned med 100 000 liter pr. månad for resten av året. Sum for året er berekna til 17,1 mill. liter, og det gir ei kvotefylling på 78,4 %.

<u>Vurdering av 2027</u>
Tilførsel for 2027 vil vere avhengig av forholdstall for mjølkekvoter som blir fastsett av Landbruks- og matdepartementet i månedsskiftet november/desember. Dersom forholdstalet blir uendra med 1,00 også for 2027, så er det forventa at produsentane vil ha meir tid til å forberede seg på auka produksjon. Det vil gi høgre kvotefyllinga og auka leveranse. Stipulert volum er forventa mellom 17,3 til 17,7 mill. liter.

## 2.3 Tørrstoff

| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | Endring 2024 %-poeng | Endring 2024 % | Endring 2025 %-poeng | Endring 2025 % | Endring 2026 %-poeng | Endring 2026 % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Jan | 13.32 | 13.20 | 13.26 | 13.55 | 13.46 | 13.69 | 0.29 | 2.2 % | -0.09 | -0.7 % | 0.23 | 1.7 % |
| Feb | 13.45 | 13.24 | 13.13 | 13.35 | 13.28 | 13.54 | 0.22 | 1.7 % | -0.07 | -0.5 % | 0.26 | 2.0 % |
| Mar | 12.91 | 12.82 | 12.90 | 12.93 | 12.90 | 12.92 | 0.03 | 0.2 % | -0.03 | -0.2 % | 0.02 | 0.2 % |
| Apr | 12.58 | 12.48 | 12.53 | 12.63 | 12.78 | 12.70 | 0.10 | 0.8 % | 0.15 | 1.2 % | -0.08 | -0.6 % |
| Mai | 12.08 | 12.15 | 12.24 | 12.17 | 12.40 | 12.53 | -0.07 | -0.6 % | 0.23 | 1.9 % | 0.13 | 1.0 % |
| Jun | 11.90 | 11.99 | 12.06 | 12.15 | 12.31 | 12.41 | 0.09 | 0.7 % | 0.16 | 1.3 % | 0.10 | 0.8 % |
| Jul | 12.02 | 12.09 | 12.17 | 12.30 | 12.10 | 12.48 | 0.13 | 1.1 % | -0.20 | -1.6 % | 0.38 | 3.1 % |
| Aug | 12.11 | 12.15 | 12.23 | 12.17 | 12.16 | 12.35 | -0.06 | -0.5 % | -0.01 | -0.1 % | 0.19 | 1.6 % |
| Sep | 12.28 | 12.35 | 12.42 | 12.29 | 12.47 | 12.50 | -0.13 | -1.0 % | 0.18 | 1.5 % | 0.03 | 0.2 % |
| Okt | 12.38 | 12.13 | 12.67 | 12.67 | 12.72 | 12.70 | 0.00 | 0.0 % | 0.05 | 0.4 % | -0.03 | -0.2 % |
| Nov | 12.45 | 12.52 | 12.88 | 12.77 | 12.94 | 12.86 | -0.11 | -0.9 % | 0.17 | 1.3 % | -0.08 | -0.7 % |
| Des | 12.65 | 12.53 | 13.02 | 12.93 | 12.96 | 12.96 | -0.09 | -0.7 % | 0.03 | 0.2 % | 0.00 | 0.0 % |
| Snitt, uvegd | 12.51 | 12.47 | 12.63 | 12.66 | 12.71 | 12.80 | 0.03 | 0.3 % | 0.05 | 0.4 % | 0.10 | 0.8 % |




I juni og juli var tørrstoffet i geitemjølka på respektive 12,41 og 12,48 %, og det er 0,8 og 3,1 % (0,10 og 0,38 prosentpoeng) høgare enn tilsvarande månader i fjor. Tørrstoffet er justert opp med respektive 0,18 og 0,12 %-poeng for august og september, men er elles uendra sidan førre prognose. Gjennomsnitt for 2026 er berekna til 12,80 %. Tørrstoffet er berekna som gjennomsnitt av dei to siste åra med justeringar for nivå i inneverande sesong.

## 2.4 Bakgrunnsinformasjon geitemjølk

### Kvoter og kvotefylling

| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Tal eigedomar | 371 | 369 | 364 | 349 | 335 | 331 |
| Tal føretak | 256 | 253 | 245 | 238 | 232 | 235 |
| Aktiv grunnkvote, mill. liter | 22.9 | 22.8 | 22.6 | 22.2 | 22.6 | 21.8 |
| Forholdstal | -6 % | -5 % | -5 % | -5 % | -5 % | 0 % |
| Disponibel kvote, mill. ltr | 21.4 | 21.6 | 21.3 | 21.1 | 21.3 | 21.8 |
| Snitt disponibel kvote, liter | 83 696 | 85 538 | 87142 | 88786 | 91697 | 94170 |
| Produksjon, mill. liter | 18.9 | 18.4 | 17.8 | 17.9 | 17.7 | 17.1 |
| Kvotefylling | 88.2 % | 85.2 % | 83.6 % | 84.8 % | 83.1 % | 78.4 % |

Kjelde: Landbruksdirektoratet

Det var 33 produsentar som selde kvote i 2024, og det utgjer eit volum på 1,35 mill. liter. I 2025 var det 7 produsentar som selde til saman 0,36 mill. liter kvote.

## Avdråttsutvikling geitemjølk

